

HAMNESTRATEGI 2021 – 2025



“Bremanger Hamn – tryggleik og service midt i leia”

HOVUDMÅL

Skape vekst gjennom kontinuerlig utvikling og tilrettelegging av hamnetilbodet i Bremanger kommune

Drift/ Forvaltning

Bremanger hamn skal ivareta dei administrative og forvaltningsmessige oppgåvene Bremanger kommune er tillagt etter Lov om hamner og farvatn, og ta avgjersler i medhald av denne lova.

Samfunnsrolle

Bremanger hamn skal i tråd med Bremanger kommune sin samfunnsplan prioritere maritim infrastruktur for lokal og regional næringsutvikling.

Bremanger hamn skal vere ein pådrivar, støttespelar og koordinator for satsing på infrastruktur for maritime næringar i Bremanger kommune sitt sjøområde.

Bremanger hamn skal være ein pådrivar for aktiv og miljøvennleg cruisetrafikk.

Bremanger hamn skal bidra til økt sjøtransport av gods og passasjerer, tilrettelegging for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk av sjøområdene, samt ivareta hensyn til miljø, sikkerhet og beredskap.

Bremanger hamn skal legge til rette for å utvikle effektive næringsareal og transportsystem for å sikre lokal konkurransekraft og for å tiltrekke seg meir aktivitet i tilknytning til transport på sjø.

Organisering

Hamneverksemda er i dag organisert innanfor kommuneadministrasjonen. Bremanger Hamn er organisert under Samfunn og utviklingsavdelinga til kommunen, og det er 1 stillingsressurs til hamneadministrasjon.

Vedlikehaldsarbeid på hamna vert utført med innleigde ressursar eller internleige frå teknisk drift. Utviklings- og utbyggingsprosjekt innan hamn vert styrt etter PLP-prosessen. Hamnesjefen fungerer i dei fleste høva som prosjektleiar i forstudie og forprosjektsfasen, medan det vert innhenta byggfagleg kompetanse (intern eller ekstern) til prosjektleiing i gjennomføringsfasen for utbyggingsprosjekta. Hamnesjefen står for dagleg leiing og drift av Bremanger hamn, og har sekretariatfunksjonen for hamnestyret.

Hamnestyret består av 5 representantar, der 3 er politisk valde og 2 er representantar frå brukarane. Hamnestyreleiar og dei to andre politiske representantane, med påfølgjande vara skal veljast blant kommunestyret sine faste medlemmar

Økonomi

Bremanger hamn må sikre ein akseptabel lønnsomheit og ein bærekraftig økonomi for å kunne ivareta framtidens betydelige behov for vedlikehald og investeringar.

Økonomiske overskot ønskes reinvestert i vedlikehald, drift og utvikling av hamneinfrastrukturen for å møte næringslivets behov på kort og lang sikt. Bedriftsøkonomisk lønnsomheit som tjener havnevirksomheten og næringslivskundene på kort og lang sikt er derfor et viktig kriterium for investeringer.

Klima og Miljø

Bremanger Hamn (BH) skal arbeide målrettet for miljøriktig havnedrift basert på dei av FN sine bærekraftsmål som er mest nærliggende for drift og utvikling av hamna. havnedrift. Gods på kjøll er meir miljøvennlig enn vegtransport, så det må kontinuerlig arbeidast for å redusere miljøkostnadene ved transport på sjøen og hamnedrifta. Bremanger hamn arbeider derfor hele tida med å forbedre seg på miljøområdet og utarbeider miljøplaner for alle nye prosjekter. Lokalt er miljøutfordringene knytt til luftforurensing og støy, mens det nasjonalt og globalt er viktig å arbeide for å redusere utslipp av klimagasser.



FNs bærekraftsmål:



BH skal tilby ren energi på land og ved kai



BH skal vise bærekraftig investeringsvilje



BH skal bidra til bærekraftig utvikling der sjø møter land



BH skal sette miljøkrav til all havnerelatert virksomhet



BH skal redusere klimagassutslipp i egen virksomhet m



BH skal bidra til redusert avfall og utslipp til sjø



BH skal påvirke og lytte til kunder, leverandører og samarbeidspartnere for å nå vår kommune miljømål

Nasjonale forventninga

Nasjonal hamnestrategi legger opp til at Norges hamner skal forenkle hamnestrukturen, utvikle effektive og intermodale knutepunkt, legge til rette for sterkare og meir robuste hamner samt utvikle eit regelverk for hamnekapital som er til det beste for sjøtransporten.

Hamnestrategien til Bremanger må sjåast i samanheng med Nasjonal hamnestrategi og evaluerast etter justering av lovverk, innføring av nye føresegner, samt planverk i framtida.

Den overordna nasjonale målsetjinga er at meir gods skal overførast frå vei til sjø for å redusere miljøskadelige utslipp, trygge veiene og redusere vegslitasje og vedlikehaldskostnader.

Handlingsplan

Handlingsplanen er eit verktøy som viser prioriterte tiltak i Bremanger Hamn i planperioden. Nye tiltak vert tekne med ved rullering av handlingsplanen kvart år.

Revisjon/rullering av hamnestrategien

Handlingsplanen i hamnestrategien skal rullerast årleg, slik at ein får oppdatert i høve til framdrift og aktuelle prosjekt og får inn rette kostnader. Sjølve hamnestrategien bør reviderast minimum kvart 4.år, og elles ved vesentleg endringar i nasjonale eller kommunale føringar.

HANDLINGSPLAN 2021/22

FOKUSOMRÅDE:	KVA:	KORLEIS:	ANSVAR:
<i>Kalvåg Fiskerihamn</i>	<p>Jobbe aktivt opp mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fiskarane og marin næring - Grønt skifte (landstrøm og lading) - Fylkeskommunen - HUB for Ocean 	<ul style="list-style-type: none"> • Dialogmøte med marin Næring (HUB). • Dialogmøte med lokale fiskarar frå Askvoll til Stad. • Dialogmøte med Vestland fylkeskommune. 	<ul style="list-style-type: none"> • Hamneadministrasjon • Hamnestyret • Næringslivet • Fylkeskommunen
<i>Landareal Kalvøya</i>	<p>Prioritere, utvikle og skape meir aktivitet på landareal på Kalvøya.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Mellomlagring • Utleige • Etableringa • Landstrøm 	<ul style="list-style-type: none"> • Hamneadministrasjon • Hamnestyret • Næringslivet
<i>Meir gods over på sjø</i>	<p>Jobbe aktivt inn mot å få meir gods over på sjø i heile sjøområdet til Bremanger.</p>	<p>Auke lasting/lossing av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Container • Emballasje • Passasjerar 	<ul style="list-style-type: none"> • Hamneadministrasjon • Hamnestyret • Næringslivet
<i>Farled</i>	<p>Forvalte Bremanger kommune sitt sjøområde etter hamner- og farvassslova. Og gjeldene føresegner til ein kvar tid. Samt spele på lag med staten om rydding av hoved- og billed.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tiltak i sjøområdet • Overvake/Registrere • Beredskap /IUA • ISPS 	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge behov og grunnundersøking av renne inn til Botnane. • Lage prosedyre for opprydding av eigarause fartøy. • Merking av sjøområdet – stakar og refleks 	<ul style="list-style-type: none"> • Hamneadministrasjon • Hamnestyret • Brukarane av sjøområdet • Kystverket

Hamner/kaier	Prioritere oppgradering og vedlikehald av dei offentlege kaiene i Bremanger kommune sitt sjøområde.	<ul style="list-style-type: none"> • Oppgradering av kai/kai areal på Svelgen kai • Fendre Kalvåg kai 	<ul style="list-style-type: none"> • Hamneadministrasjon • Hamnestyret
Fiskerihamner	Synleggjere behov for vedlikehald og oppgradering av aktive fiskerihamnene i Bremanger kommune sitt sjøområde.	<ul style="list-style-type: none"> • Struen • Iglandsvik • Klubben • Bakkevik • Vetvika • Kalvåg 	<ul style="list-style-type: none"> • Hamneadministrasjon • Hamnestyret • Fiskerinæringa • Fylkeskommunen
Cruise	Legge til rette for, og markedsføre heile Bremanger kommune som ein cruisedestinasjon. <i>(Ikkje ansvar for landbasert aktivitet)</i>	<ul style="list-style-type: none"> • Dialogmøte med turistnæringa og agentar for å markedsføre og gjennomføre cruiseanløp i Bremanger kommune sitt sjøområde. • Satse på Kystcruise med fartøy opp til max 170 meter og max 500 pax. Sommar og Vinter cruise. <p><i>(Ikkje ansvar for landbasert aktivitet)</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Hamneadministrasjon • Hamnestyret • Bremanger næringsråd • Reiselivsnæringa